

Styret sitt framlegg til arbeidsplan 2023

Politikk og strategi

- Arbeide for ei ny og oppdatert utgreiing om høgfartsbaner i Noreg med spanske konsulentsekskapet Sener, i første omgang om Vestlandsbanen over Haukeli. Bruke denne utgreiinga aktivt i dialogen med lokale, regionale og nasjonale styresmakter i løpet av 2023 og komande år. Nasjonalt gjeld dette særleg i samband med handsaminga av statsbudsjett, ny Nasjonal transportplan og partia sine program for neste stortingsperiode.
- Styrkje politisk opinionsdanning, kunnskapsbygging og mobilisering gjennom jernbanefagleg og administrativ støtte til fylkesvise lyntogforum, med deltaking frå fylke, kommunar og næringsliv.
- Vere synlege i media, både redaksjonelt og gjennom debattinnlegg. Presentere fakta og potensial, og vere ein aktiv pådrivar for utvikling av ein moderne jernbane.
- Arbeide for størst mogeleg merksemd og oppslutnad om eit moderne, nasjonalt høgfarts-banenett fram mot Stortinget si handsaming av ny Nasjonal Transportplan (NTP) før sommaren 2024. Delta i høyringar om NTP i løpet av 2023.
- Løfte saka fram i samband med kommune- og fylkestingsvalet hausten 2023, der det kan gje positive resultat.
- Byggje opp under etableringa av lokale og nasjonale "skrivargrupper", mellom anna med ei strukturert informasjonssamling på nettsidene våre.
- Jobbe opp mot lokale, regionale og nasjonale styresmakter for å sikre at norsk jernbane blir utvikla på ein moderne og lønsam måte. Ein må byggje IC-nettet på Austlandet slik at det vil kunne inngå i eit nasjonalt høgfartsnett i eit fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional- og godstrafikk.
- Vidareutvikle nettsidene til Norsk Bane AS med faginformatjon om både jernbane, klima, energi, natur, økonomi og organisasjonsformer.
- Utarbeide og leggje fram organisatoriske, planmessige og økonomiske tiltak som gjer det mogleg å få vesentlege delar av ei nasjonalt høgfartsnett i drift i perioden 2035 – 2050.
- Byggje alliansar basert på argumenta i konseptet vårt for klima, energi, natur, næring, busetjing og regional utvikling.
- Arrangere eit seminar om høgfartsbaner hausten 2023, saman med Besteforeldrenes klimaaksjon.

Organisasjon

- Tryggje det økonomiske grunnlaget for Norsk Bane sitt faglege informasjons- og oppfølgingsarbeid, og arbeide for ein større eigenkapital.
- Utvikle samarbeidet med andre, mellom anna gjennom Lyntogets venner og Lyntogfora.